

Velkomen lørdag 21. august - til eit nytt og annleis skuleår!

Vi opnar skulen og tek imot deg frå kl 10 og vil at alle er på plass til laurdag kl 17. Endelege rutinar for innflytting vert sendt ut veka før oppstart. **Opninga av skuleåret er kl.18.00.**

Covid 19 vaksine

For å få ein best mogleg skolestart, er det ønskeleg at alle/dei fleste har fått minst ein vaksinedose før skolestart. Ta snarest kontakt med vaksinekontoret i din kommune og be om dette.

Vi gler oss til å treffa deg

Vi er spente på kven du er, kva du har med av gleder, interesser og historier. Vi vil skapa *ein skule for livet* – ein skule der *du* står i sentrum. Vi vil at du får oppleve glede og læring, respekt og toleranse mellom medelevar og tilsette på skulen.

Linjer og valfag

Du har vald linje; vedlagt finn du eit eige brev frå linjelærar. Valfag vel du når du kjem.

Felleskap og aktivitet

Aktiv livsstil, kreativitet og felleskap står i fokus. Vi har mange aktivitetar der vi er fysisk aktive, i rørsle og leik. Du må ha utstyr for trening, for tur i sol og regn, og gode tursko/terrengsko. Sjå utstyrsliste.

På Voss folkehøgskule får du prøve nye ting. Kom med eit opent sinn! Du vil bli utfordra på kva du liker og ikkje liker. Kanskje oppdagar du ein ny lidenskap? Det er berre fantasien som set grensar for kva du kan fylla året ditt med, så vi håpar du er klar for eit aktivt skuleår 😊

På Voss kan du laga dine eigne prosjekt, filmproduksjonar, konsertar, elevkveldar, bingo, volleyball, bada i Vangsvatnet eller Vossabadet, trene i treningsstudio, dans, LAN, rollespel, pysjamasparty, karaokekveldar... Felleskapet er viktig; at alle deltek!

Vær aktiv – så får du energi! Vær ein ven – så får du vener!

**Beste helsing frå alle oss på Voss folkehøgskule!
God sommar!**



Svarskjema på nett

Vi treng litt informasjon frå deg for å gjere klart til du kjem. Vi vil derfor at du **svarer på skjemaet** i linken eller via qr-koden **innan 1.juli**.

<https://forms.office.com/r/VCqKiTTXBH>



Kortfatta skulerute haust – vår 2021-2022

Skulestart laurdag 21. august. Innflytting frå kl 10 til laurdag kl 17. Opning av skuleåret for elevar laurdag kl 18.

Haustferie frå fredag 8.oktober kl. 14.15 til og med måndag 18.oktober. (Skulen opnar kl. 17.00). Skulestart tysdag 9.oktober kl 08.30.

Haustfest for foreldre og føresette laurdag 30.oktober

Juleferie frå torsdag 16.desember kl. 12 (skulen stenger kl. 15) til og med tysdag 4.januar (skulen opnar kl. 17) Skulestart onsdag 5.jan kl. 8.30.

Vinterferie frå fredag 18. februar kl. 14.15 (skulen stenger kl. 17) til og med mandag 28. februar (skulen opnar kl. 17). Skulestart tysdag 1.mars kl. 8.30.

Påskeferie frå fredag 8.april kl. 14.15 (skulen stenger kl. 17) til og med tysdag 19.april (skulen opnar kl. 17). Skulestart onsdag 20.april kl. 8.30.

Avslutningsfest med gjester fredag 13.mai, ferdig ca. kl. 21. Avreise lørdag 14. mai. Skulen stenger kl. 12 14.mai

Alle folkehøgskular har like mange skuledagar som grunn- og vidaregåande skule. Men sidan vi har skule også på ein del laurdagar sluttar vi i mai og ikkje i juni.

NB! Atterhald om endringar. **Skulen er stengt i alle feriar** (jul-, vinter- og påskeferie)

Det er lurt å tinga billetter til tog, buss og fly så tidleg som mogeleg, då vert det billigare!

Skulebevis og identitetskort

Skulebevis: Gjer moderasjon på reiser for studentar og vert ordna på skulen når du er komen hit.

Identitetskort: Du må i tillegg ha godkjent legitimasjon t.d. bankkort/pass/førarkort.

Viktig informasjon

Reiser – linjetur – pass - forsikringar

Gyldig pass og eigen reise- og helseforsikring MÅ du ha før studieturane!

Vi må ha **opplysningar om pårørande, to personar** vi kan kontakte ved sjukdom/uhell/ulykker. Vi har kollektiv ulukkesforsikring for elevane. Du må ha **eigen innbuforsikring** for dine ting.

Internat

Internata heiter Jomsborg, Oppigard, Midtgard og Nedigard. Vi har mest dobbeltrom, enkeltrom kostar ekstra. Fordeling av internatrom blir gjort i august. Fyll ut skjema og kryss av for ditt ynskje! Dei som av viktige grunnar ynskjer seg einerom vil bli prioritert. Kryss også av for om du røykjer/røykjer ikkje; vi vil ikkje leggja røykjarar og ikkje-røykarar på same rom.

Klesvask

Du ordnar med eigen klesvask på internatet. Du **må** merke klede dine med namn. 120 ungdommar driv vaskeriet saman. Sjekk nettstadar der du kan kjøpe lappar/stempel. Vi anbefaler klistrelappar.

Internett

Vi har trådløst internett i alle undervisningsrom og fellesrom. Trådløst nett er under utbygging på elevromma.

Mat – diett Våre måltid

Kvardagar:	frukost 0745/8.15	lunsj 1130	middag 1600	kveldsmat 2000
Laurdagar:	frukost 0900		lunsj 1400	middag 1800
Sundagar:	frukost 0900		middag 1600	kveldsmat 2000

Har du **matintoleranse** eller treng **spesialdiett**, må du gje beskjed på førehand. Send ein epost til kjøkkenleiar Osmine seinast ei veke før du kjem: osmine@voss.fhs.no

Lege - fastlege

Alle elevar bør ha fastlege på Voss. Du går inn på www.nav.no/minfastlege for å gjere bytte. Reglane er slik at du får den «gamle» fastlegen din når du flyttar heim igjen etter skuleslutt.

Kva skal du ta med deg?

Dette **MÅ** du ha med:

- Sengetøy: dyne, pute, laken, trekk
- Sengeteppe/pledd
- Handklede, store og små
- Toalettsaker, antibac og håndsåpe
- Treningstøy, treningssko og badetøy
- Regntøy, støvlar, tursko for terreng
- Innesko
- Tursekk, sovepose og liggeunderlag
- Vaskemidlar til klede, helst flytande
- Klede og undertøy – for ute og inne
- Finklede

Dette **BØR** du ha med:

- Sykkel med lås og hjelm!
5 min m/ sykkel til sentrum; 15 min. å gå
- Undertøy i ull/ullblanding evt. kunstfiber
- Ullsokkar
- Vindtett bukse
- Jakke for alle typar ver
- Termos/drikkeflaske, termokopp
- Lue og vottar
- Musikkinstrument (viss du har)
- Solbriller og solkrem
- Tykk genser

Ordensreglement – du finn heile ordensreglementet på nettsida vår

Folkehøgskulen er eit «fritt» skuleslag. Vi har ikkje prøvar, eksamen og pensum. Vi gir ikkje karakterar. Målet vårt er å byggje karakter. Vi har den største pedagogiske fridomen i verda, der vi set den menneskelege utviklinga di i fokus. Læringa på ein folkehøgskule skjer i ei blanding av ekskursjonar, studieturar, eit mangfald av læringsarenaer og sosiale aktivitetar i og utanom skulen. Internatet er ei berebjelke på folkehøgskulane. Du kjem tett på dei andre elevane og oss vaksne. Dette er eit gjensidig forpliktande fellesskap. Eit år på ein internatskule er difor eit annleis skuleår. Det seier seg sjølv at når 120 ungdomar bur saman, så må vi ha reglar. Ingen kan eller vil bu på ein slik skule utan reglar. Reglane er til for deg og dine medelevar, slik at alle får eit godt utbytte av skuleåret. Det er ikkje problematisk å halde reglane, men du må kjenne til og forstå dei.

Vi vil ha ein open og inkluderande skule, ein skule for alle, kor alle har ein plass. For vi veit at folkehøgskulen fungerer – men berre om du deltek. Då får du oppleve mykje, læra mykje – og få gode vener. I folkehøgskulane er det oppmøteplikt; du må møta til alle timar, arrangement og turar.

Ein skule for alle er ein rusfri skule, heilt utan alkohol og andre rusmidlar. Dette omfattar både bruk og oppbevaring, og sjølv sagt påverknad. På kveldar utan arrangement eller skule dagen etter kan du gå på Vangen (sentrum) og nyta eit glas, om du går rett til sengs på eige rom når du kjem heim utan å sjenera andre.

Vi reagerar på brot på ordensreglementet. Brukar du alkohol vil du bli bortvist ein periode, og utvist dersom det gjentek seg. Brukar du narkotika må du regne med å bli utvist og miste skuleplassen straks. Grensa vår for fråvær går ved 5 % av dei timane som er avhalde, og får du for høgt fråvær kan skuleplassen vera i fare.

Brot på reglementet blir tatt opp i Disiplinærutvalet. Blir du utvist for resten av skuleåret, eller du sluttar frivillig, må du betale skulepengar i 10 veker frå sluttdato/heimreisedato. Då misser du dei to konkurransepoenga og stipendet frå Lånekassen. Vedtak i Disiplinærutvalet kan ankast til Styret innan tre veker. Blir du sendt heim frå eksursjonar, turar eller studietur på grunn av brot på ordensreglementet, må du dekke heimreisa sjølv.

Røyking er tillete men berre på tilvist stad, E-sigaretter er ikkje tillete på skuleområdet.

Du må setje deg inn i skulen sitt ordensreglement; det er viktig. Hovudsaka er at du er *med*, og deltek, at du er rusfri, og at du betalar skulepengane i rett tid. Og at du snakkar med oss viss det er noko. Det meste kan løysast gjennom samarbeid og god kommunikasjon. Vi vil at du skal få eit topp år på Voss!

Du må skriva under på at du kjenner desse reglane, og vil samarbeida på desse premissane når du kjem til skulen og du må krysse av for at du har forstått dette i svarskjemaet på nett.

Facebook

Meld deg inn i vår **Facebookgruppe**: Voss Folkehøgskule 2021-22. Her kan du stille spørsmål, finne informasjon og bli kjent.

Økonomi – kostnader – betalingsplan

Innmeldingsavgift 2500 kr (den har du alt betalt)

Grunnbeløp 93 000 kr -dekker kost, losji og felleskostnader (undervisning, fellesturar, vaskemaskin, kopiering, leige av utstyr, gjesteførelesarar, skulejakke, dei fleste valfaga, festar m.v.).

Linjekostnader inklusiv studieturar, felles linjeutstyr og linjeaktivitetar. **Sjå bakside for info.**

Jazz – 30 000kr

Lyd & Musikkproduksjon 30 000kr

Data – 36 500 kr

Data & Friluftsliv – 40 500 kr

Film & Foto - 36 500 kr

Ekstremспорт – 53 500kr

Idrett & Friluftsliv - 31 500 kr

Ekstremспорт Luft – 67 500 kr

Andre valfrie tillegg: enkeltrom (5500 kr), nokre valfag – blant anna ekstremспорт, vindtunell og andre valfag som går ut over kostnadsramma. Vert fakturert på eigen faktura haust og vår.

Skulen brukar AvtaleGiro for å krevje inn grunnbeløpet – 93 000 kr og 10 000 kr av linjekostnadane. AvtaleGiro er effektivt og velfungerande for elev og skule. Vårt betalingsforfall er lagt til den 12.-15. i kvar månad. Dei fylgjer utbetalingane frå Lånekassen 12-15. i kvar månad og er mindre enn du får utbetalt frå Lånekassen. Beløpsgrensa for avtalegiro er sett likt for alle og lik maksbeløp for enkeltrom 29 350kr(*). Trekket frå din konto er sjølvsagt berre på det du skal betala. **Send tilbake AvtaleGiro-skjema du har fått til oss snarast, gjerne til post@voss.fhs.no Du kan også opprette avtalegiro direkte i banken eller via nettbanken.**

Søk om lån med ein gong! Gå til nettsida <http://www.lanekassen.no/> for søknad og info. Her finn du oversikt over Lånekassen sine utbetalingar for maks lån 2021; du ser dei også her:

	Betaling dobbelrom	Betaling enkeltrum*	Du får frå Lånekassen
1	Betaling 16 august	Studietur/linje	22 975*
2	Betaling 15 september	26 600	8615
3	Betaling 15 oktober	8 300	8615
4	Betaling 15 november	8 300	8615
5	Betaling 15 desember	8 300	8615
6	Betaling 15 januar	18 300	22975
7	Betaling 15 februar	8 300	8615
8	Betaling 15 mars	8 300	8615
9	Betaling 15 april	8 300	8615
10	Betaling 15 mai	8 300	8615
	Totalt	103 000	114 870

***NB!** Talla frå lånekassen er ikkje endeleg bekrefta.

Linjekostnadane vert betalt slik:

10 000 kr for alle linjer vert trekt pr mnd saman med grunnbeløpet. For å kunne følge utbetalingane til Lånekassen har vi valgt å ta inn største delen av linjekostnadane på egne fakturarer. Ekstremспортlinjene har fyrste forfall alt 1.juli – dette fordi ein del utstyr alt er kjøpt inn. Linjer som har studietur på haust og Idrett & friluftsliv betalar heile beløpet i august. Har du problem med å betale innan fristen tek du kontakt.

Jazz og Lyd & Musikkproduksjon: 20 000kr 16.aug

Data, og Film-Foto: kr **26 500 - 16.aug**

Data & Friluftsliv(viss du skal på USA tur) kr **30 500kr – 16.aug**

Idrett & Friluftsliv: kr **21 500 – 16. aug**

Ekstremспорт Luft: kr **15 000 – 1.juli**, kr **24 500 – 16.aug** og kr **18 000 – 17.januar(2022)**

Ekstremспорт: kr **10 000 – 1.juli**, kr **17 000 – 16.aug** og kr **16 500 – 17.januar(2022)**

Linjekostnad skal betalast til: 9581 05 00639, dette inngår **ikkje i AvtaleGiro**. Husk å **merk innbetalinga med namnet ditt!** **Sjå faktura du har fått i posten.**

Diettar:

Glutenfri diett: kr. 400,- ekstra pr. måned.

Laktosefri diett: kr. 200,- ekstra pr. måned.

Vegetardiett: ikkje tillegg i pris.

For krevjande diettar kan det verta tillegg i pris. Eigne avtaler vert laga.

Rekning 2 gonger i året.

Eleven er sjølv ansvarleg for betalinga til Voss Folkehøgskule om ikkje anna er avtala.

Ved for sein betaling, vert det rekna rente med 0,8 % pr mnd.

Skulens bankkonto: 9581 05 00639, ved alle betalingar.

Dersom du ikkje kan eller ynskjer å følgje denne planen kan du ta kontakt med skulen for å drøfte saka.

NB! Dersom du seier frå deg plassen etter 1. august eller sluttar i skuleåret, *uansett årsak*, må du betala skulepengar i 10 veker frå sluttdato/oppsigelsesdato. Vi reknar dette ut frå grunnbeløpet (93 000) og eventuelt påkomne linje-og fagkostnader.